

Rettleiar for vidaregåande skule

# Undervisningsopplegg til NRK-serien RUS

Episode 4: Gledesrus



Undervisningsopplegget er eit verktøy for korleis du kan nytte NRK-serien RUS i vidaregåande opplæring.

Denne rettleiaren gjev deg tips til førebuing og gjennomføring av **episode 4**. Rettleiaren skal sest i samanheng med PowerPoint-presentasjonane.

Det er mest nyttig å involvere elevane i planlegging, gjennomføring og evaluering av undervisningsopplegget. Ved å involvere elevane får dei jobba med det som dei sjølve er opptekne av.

#### **Gode råd til lærarar frå elevar**

Kanskje vil du som lærar oppleve det vanskeleg å snakke om rusens positive sider i ein klasseromssituasjon. Kanskje vil du vere redd for å trigge nysgjerrigheita til elevane med rus? Til deg har ungdommane følgjande råd:

- *“Ver open om at du er litt usikker på korleis du skal balansere og snakke om rusens gleder og risiko samtidig. Vi elevar synst det er viktig å få snakke om både positive og negative sider ved rusbruk.*
- *Anerkjenn den «rusverden» ungdom lever i, også gleden ved rusbruk.*
- *Vi lyttar gjerne til lærarar som er opne om eigne ruserfaringar. Vi blir også meir trygge på å seie kva vi sjølve meiner når lærarar tør å by på eigne erfaringar og tankar.*
- *Vere open om at raudvin på fredagskvelden også er å ruse seg. Spør også gjerne korleis vi syns det er å vere ungdommar når vaksne drikk.”*

Hvis du som lærar/fagperson har behov for meir kunnskap eller rettleiing om tematikken, så ta kontakt med ditt regionale KORUS.

# Rammene for undervisningsopplegget

**Tid:** To dobbelttimar

<b>Mål og tema med undervisningsopplegget</b> .....	04
<b>Episode 4 av "RUS"</b> .....	05
<b>Gruppearbeid:</b> Refleksjonsoppgåver, praktiske øvingar og leikar .	06
<b>Kontaktinformasjon ved bekymring</b> .....	10

# Mål og tema

Elevar ønsker meir og betre rusundervisning i skulen. Dei ynskjer fakta og ikkje ein peikefinger. Dei ynskjer ein arena der dei kan diskutere og reflektere saman med medelevane og trygge vaksne. Målet med undervisningsopplegget er å bidra til dette.



Denne undervisningsøkta har fokus på dei lyse sidene ved rusen. For å forstå kvifor folk rusar seg, må vi forstå gledene ved rusen. Elevane får også eit innblikk i at det finst ulike meiningar i samfunnet vårt om korleis Norge bør handtere bruk av narkotiske stoff. Målet med undervisningsøkta er å gje elevane innsikt i kva funksjon rusen kan ha, og få dei til å reflektere over og diskutere kvifor folk rusar seg, og kva rolle rusen har for den enkelte og i kulturen vår.

**Når er rus glede og når er det ikkje glede?**

▶ Sjå episoden



## Episode 4: Gledesrus

I serien RUS på NRK skal Leo finne sanninga om rus – på godt og vondt.

For å forstå kvifor folk rusar seg, må vi forstå gleda. Leo Ajkic ser på rusens lyse side.

# Gruppearbeid

Sjå gjennom refleksjonsspørsmål, praktiske øvingar og leikar før du utarbeider og gjennomfører undervisningsopplegget. Sett saman grupper og vel oppgåver, gjerne saman med elevane.

Avtal med elevane når og korleis læraren skal vere til stades under gjennomføringa av oppgåvene. Mange elevar gir uttrykk for at samtalar blir betre utan læraren til stades. Nokre elevar kan for eksempel ta medansvar for refleksjonsspørsmåla. Ein kan òg avtale at læraren skal vere til stades, men i ei litt anna rolle, som ein trygg vaksenperson.

I tillegg til oppgåvene som er skildra her, kan undervisningsopplegget knytast til eit større og gjerne tverrfagleg arbeid. Sjå etter aktuelle kompetansemål i ulike studiefag.

## Refleksjonsspørsmål

Metoden IGP (individ – gruppe – plenum) kan vere ein metode å nytte i arbeidet med refleksjonsspørsmåla. Metoden går gjennom tre trinn:

- 1) elevane tenker litt sjølve
- 2) reflektere og diskutere i grupper
- 3) presentere i plenum.

### Ordsky

#### Før klassen ser episoden

Nyt for eksempel Learnlab, Curipod eller andre digitale læringsverktøy for å lage ei ordsky med kva elevane assosierer med ordet “Gledesrus”?

#### Med ein gong de har sett episoden

Lag ei ny ordsky av ordet “Gledesrus”.

Blei ordskyene like eller ulike? Kva blei endra, og kvifor?

## Gledesrus og livsglede

- Når er rus glede og når er det ikkje glede?
- Er rus nødvendig for å oppleve ekstase og livsglede?
- Er rus ein del av det å søkje nye opplevingar og pushe grenser? Og er det skilnad her på ungdommar og vaksne?
- Kva andre andre måter (enn alkohol og illegale rusmiddel) kan få deg til å kjenne på lykkerus og gje deg et adrenalinkick?
- Heng gledesrus og livsglede saman, eller er dei motsetningar?
- Kva meiner du om dette sitatet frå boka “Meningen med rus” av Øystein Skjælaaen?

*“Til alle tider og overalt i verda har menneske søkt rus. I dag er det ein del av livet til dei fleste. Rus er eit avbrot frå jobb og rutiner og kan gje oss fridom og fellesskap. Den hjelper oss å leve. Men alle kjenner nokon der rusen ikkje lenger gir glede, bare smerte, skam og sorg. Rusen er blitt eit middel for å takle kvardagen. Det er rus for å vere”*



### **Festkultur**

- Kvifor og i kva samanhengar finst det pliktrus og ruspress?
- Er det greitt med ruspress når intensjonen er at alle på ein fest skal ha det kjekt, vere inkluderte, og bidra til god stemning?
- Er det skilnad på ruspress mellom ungdom og vaksne? I så fall, kva slags skilnad trur du det er? (Læraren kan gjerne dele av eigne erfaringar, eller elevane kan spørje foreldra eller andre vaksne).
- I kva samanhengar er det greitt og ugreitt at nokon er edru på fest?
- Korleis er det å vere edru på fest når andre ikkje er det? Har du prøvd? Vil du prøve?
- Om du har ein kamerat som slit med alkohol, er du då villig til å ikkje drikke/ruse deg på fest, slik at vedkommande synst det er ok å vere med på festen?
- Korleis kan ein ha fest utan alkohol og rus? Kan skulen vere med å bidra til dette? I så fall, korleis?

### **Rus i seriar, filmar og musikk**

Kva gjer det med forholdet ditt til rus når rusmiddel og rusbruk vert framstilt positivt i populærkulturen? Ta utgangspunkt i ein serie/film/musikk de likar. Undersøk og diskuter korleis rus blir framstilt.

### **Avkriminalisering og legalisering**

- Kva veit du om skilnaden mellom avkriminalisering og legalisering?
- Om ein skal tilby hjelp i staden for straff for bruk av ulovlege rusmiddel, kva type hjelp er nyttig for ungdommar?
- Kva trur du vil skje om narkotika til eige bruk blir avkriminalisert?



## Praktiske øvingar og leikar

- Påstandsleik
- Rollespel
- Podkast
- Lage russelåt
- Infoplakat

### Påstandsleik

Kvart hjørne i klasserommet representerer ein påstand. Elevane stiller seg i eit hjørne og skal forsvare påstanden sjølv om dei ikkje er einige i han. Endre refleksjonsspørsmåla eller la elevane finne eigne påstandar som dei meiner er relevante for temaet.

### Rollespel

Elevane tar på seg ulike roller og lagar eit lite skodespel basert på refleksjonsspørsmål. Det kan vere enklare å ta på seg ei rolle enn å dele personlege erfaringar.

Forslag:

- a) For og imot avkriminalisering
- b) Utsetje og verte utsett for ruspress
- c) Lag kreative unnskyldingar for ikkje å drikke. Framfør dei for klassen. Stem på den mest morosame unnskyldinga

### Podkast

Lag podkast-episodar med ulike tema knytt til rusens gleder og bekymringar. Del gjerne elevane inn i grupper på fire personar.

Forslag:

Elevane kan:

- a) Innta ulike roller i ein samtale for å få fram ulike synspunkter på tema
- b) Intervjue aktuelle personar om rusens funksjon i kulturen vår
- c) Analysere tekstene i russelåtar og diskutere dette i ein podkast

### Lage russelåt

Lag den dristigaste russelåta og framfør han i klassen eller i ein podkast.

### Infoplakat

Utarbeid plakatar digitalt eller fysisk, basert på refleksjonar over ulike tema.

# Kontaktinformasjon ved bekymring

Gje informasjon om kva det er klokt å gjere og kven ungdommar kan ta kontakt med om nokon blir fulle, bevisstlause eller neddopa. Informer om viktigheita av å ringje 113, og at det er straffbart å forlate ein person i ein hjelpelaus tilstand, jf. Straffelova §288.

Diskuter moglegheitene for hjelp dersom elevane er bekymra for seg sjølve eller ein ven. Presenter og gje kontaktinformasjon til hjelpeapparatet ved skulen din og andre aktuelle hjelpetenester i eigen kommune/bydel og eventuelt andre stader.

Gje informasjon om nettressursen til RUSinfo, der elevane mellom anna kan finne informasjon om ulike rusmiddel og få rettleiing via chat.

**ROCKET  
MAN**

**RUSinfo**

**NRK Skole**

**KORUS**



**Telemark**  
FYLKESKOMMUNE



**Vestfold**  
FYLKESKOMMUNE

Undervisningsopplegget er utvikla i et samarbeid mellom elevar, pedagogar og andre fagfolk i Vestfold og Telemark Fylkeskommune, pårørande, Rocket-Man, RUSinfo, NRK Skole og KORUS.